

Årsmelding 2025 Fyresdal Frivilligsentral

Faste aktivitetar på Frivilligsentralen:

Måndagskafè, Strikkekafè, Onsdagskafè, Bridgekveld, Drodlekveld med Judith. På desse kveldane møter det mellom 5 og 15 folk kvar gong. Dette er ein viktig arena for sosialt samvær for dei som nyttar seg av tilbodet.

Fyresdal Røde Kors har medlemsmøte på frivilligsentralen annan kvar veke. Her møter det mellom 5 og 15 stk. Dette er ein fin arena til å auke eiga kompetanse innan fyrstehjelp og er ein fin sosial møteplass.



Andre faste aktivitetar:

Badenymfene: Vinterbad ved Moland brygge kvar fredag kl. 16.00. Dette har vore ein fin start på helga for mange, og det har møtt mellom 5 – 15 stk.

Bruktbua på Meinstad: Denne er open torsdagar frå kl.10 – 14. Dette har blitt ein viktig møtestad for mange og ein viktig arena for å få tak i billige klede og utstyr.

På Gardar er det vevstoge der vevkjeringane er i arbeid med ulike prosjekt. Her står det 7 ulike vevar klar til bruk med renning som folk i alle aldrar kan nytte til å lage sine egne ting. Her er det også gratis materiell som alle kan bruke. Opplæring blir gjeve til dei som treng det.

På Gardar held også Dart klubben til, og dei har treff ein gong i veka. Tilbodet er opent for alle og er gratis. Opplæring blir gjeve til dei som treng det. Dette er ein god arena for sosialt samvær på tvers av generasjonar.

Kvar onsdag inviterer Fyresdal turlag til onsdagstur. Dette har blitt ein viktig sosial arena for seniorane i bygda. Turane er eit lågterskel tilbod og turane er lagt til nærområdet i bygda. Turane har veldig godt oppmøte, og ofte er det rundt 30 folk med, mange gonger fleir.

Friluftslivets år: I samband med Friluftslivets år har vi hatt mange ulike arrangement for alle alder, gjennom heile året. Vi har hatt ein aktivitet kvar måned, i gjennomsnitt – og dette ga folk tilbod om ulike former av friluftsliv i tråd med årstidene. Totalt på desse arrangementa nådde vi rundt 100 ulike folk.



I september markera vi friluftslivets veke med fire arrangement: «Natt i naturen», «friluftslivets dag», «soppens dag» og «mat frå mange kulturar».

Sommaraktivitetar for barn og unge i Fyresdal: I år tilbydde vi gratis sommaraktivitetar i juni, juli og august. Totalt hadde vi 8 dagar med ulike aktivitetar. På desse aktivitetane har det vore med ca. 50 ulike barn og unge frå 10 – 16 år med. Vi har hatt deltakarar frå alle samfunnslag, fem ulike nasjonalitetar, tre ulike religionar og barn frå familiar med ulike økonomiske forutsetningar.

Gratis sommaraktivitetar for ungdom!

Klar for tidenes sommerferie?				
<p>Bli med oss på ein sommar full av fart, moro og minne for livet! Me vil teste fiskelykken på vakre Fiskebustøylen, ha det varvittig moro i Bø Sommarland, klatre i høgden på Via Ferrata, og avslutte med adrenalinikk hos TrollAktiv Evje. Aktivitetene er for ungdom i Fyresdal frå komande 8. klasse og opp til 18 år, er gratis og krever påmelding. Det vil også være aktivitetar som ikkje krever påmelding, som blant anna Beachparty.</p>				
Veke 26	Veke 27	Veke 32	Ubestemt dato	Utstyr
<p>23.-25. juni: Hyttetur til Fiskebustøylen med hytteaktivitetar, fisking og kortspel.</p>	<p>01. juli: Bø Sommarland 03. juli: Via Ferrata på Skrede fjell</p>	<p>08.-09. august: TrollAktiv Evje. Me følger opplegget til parken og vil bli med på teambuilding, klatrepark, og rafting</p>	<p>Me vil ha sentrumsnære aktivitetar som blant anna: Beachparty med grillmat, bading, volleyball og mykje moro! Klubbkveld på kulturhuset og idrettshallen.</p>	<p>Pakkeliste med ting som er lurt å ta med kjem etter ein har meldt seg på. Hugs at frivillighets-sentralen har utstyr ein kan låne. Ta kontakt dersom du treng låne sovepose, tursko, yttertøy eller anna.</p>
<p>Påmelding innan 16. juni veke 25</p>	<p>Påmelding innan: - 24. juni veke 25 for Bø Sommarland - 26. juni for Via Ferrata</p>	<p>Påmelding innan 28. juli veke 31</p>	<p>Følg med på Snapchat og Facebook for dato og informasjon</p>	<p>Ta kontakt med Anne Lise for lån av utstyr: Tlf. 986 64 025</p>



Stolpejakta 2025: I år har vi hatt ute 75 stolpar. Stolpane har vore plassert i Birtedalen, Kilegrend, Fjellgardane og i Sentrum. Det er registrert ca. 6000 stolpejegerar i Fyresdal og litt over 14000 stolpetreff.



Aktivitetsdag for pensjonistar:

Dagen vart arrangert på Fiskebustøylen i starten av september, og er eit kjærkomen tilbud for pensjonistane i kommunen. På denne dagen får folk vere med å ta opp fiskegarn, sløye fisken og vakuumpakke den. Dei som vil kan ta med ein fiskemiddag heim. I år var det 35 som deltok.



ABC for psykisk helse:

I år fekk vi midlar frå Telemark Fylkeskommune til å jobbe med kampanjen: ABC-for psykisk helse. Dette var eit samarbeid med helse etaten i kommunen.

- Monsen og Mattis
- Ungdomskveld på kulturhuset
- Familiedag i Hamaren
- Seiste arrangement i dette prosjektet er ein kveld med Nina Nakling, i slutten av mars 2026.
- Totalt har vi nådd 150 ulike folk.



Verdsdagen for psykisk helse:

- 10.10 1025, denne vart markert saman med arrangementet under ABC-for psykisk helse i oktober 2025. Denne dagen hadde vi natursti i Hamaren, gratis lapskaus til alle og steiking av kanelbollar i ved fyrt omn på utsida av Kulturhuset. Alle 54 som deltok fekk deltakarpremie.

Frivilligheitas dag:

- 5.12.2025
- Denne dagen vart markera på toppen av Hamaren, samtidig som vi hadde den seiste tilstelling i friluftslivets år. Det var 13 stk. som møtte opp og fekk gratis kakao og kanelsnurrar denne desemberkvelden.

Jolebord for dei frivillige på Åsbergtunet:

Dei frivillige som jobbar på sentralen vart invitert til jolebord på Åsbergtunet, i slutten av november. Det er viktig å setje pris på dei som steller til for andre. Mange av dei som steller for dei eldre på frivilligsentralen har ikkje moglegheit til å delta på jolebord på grunn av økonomi, så dette vart sett veldig stor pris på. Det var 12 stk. som deltok.

Jolekveld på Fyresdal Frivilligsentral:

Jolekvelden på sentralen var ein suksess. Det deltok folk frå fire ulike nasjonalitetar i alderen 5 til 79. Middagen vart laga på POS, kaker og dessert laga av frivillige, lokalet pynta av frivillige og gåver vart sponsa av Fyresdal Røde Kors.



Bruktbustipendet:

I år dela vi ut overskotet frå Bruktbua på Meinstad på 70 000 kr til 8 ulike frivillige lag og organisasjonar i Fyresdal. I år kom det inn 13 søknader.

Utlånsentralen: Vi har ein del utstyr til friluftsliv og fritidsaktivitetar til gratis utlån. Det utstyret som blir lånt mest ut er soveposar, liggeunderlag, sekkar, akebrett, skøyter og ski. Mest utlån har vi i samband med skulen feriar og når det er ulike annleis dagar på skulen.

Oppstart av nye aktivitetar 2025, etter ynskje frå folk i bygda:

- Sy-kveld, måndagar i partalsveker. Her møter det som regel 3-5 stk.
- Styrketrening for vaksne – lågterskel i Idrettshallen, ein gong i veka. Her møter det frå 15 – 25 kvar gong.
- Dansekveldar på kulturhuset, torsdagar i partalsveker. Her møter det frå 10 – 15 stk.
- Brettspel kveldar for alle på Frivilligsentralen, ein gong i månaden. Samarbeid med psykisk helse i kommunen. Her har det møtt frå 5 – 25 stk., her kjem det folk i alle aldrar frå 5 til 80 år. Fin arena for å ha sosial samvær på tvers av generasjonane.
- **Ny oppgåve for frivilligsentralen:** Pensjonistane som har drifta, og utført vedlikehald på joletreet på Høgenut ville at andre skulle overta denne oppgåva. Denne oppgåva blir nå organisert av Fyresdal Frivilligsentral saman med tre frivillige. Vi har vedlikehald på sommaren og ettersyn frå november/desember og fram til 13.dag jol. Moland vel dekker kostnadane.

Utfordringar framover:

Gardar skal etter kvart byggjast om og får då antakeleg ein annan bruk enn det som er der i dag . Dette betyr av vevkjeringane og dart klubben etter kvart må finne eit anna lokale til å drive sine aktivitetar. Dette er eit prosjekt som ikkje blir starta i 2026. Det betyr at enn så lenge, kan dart – klubben og vevkjeringane drive sine aktivitetar der.

Vi opplever også at fleire unge og unge vaksne føler på einsomheit og utanforskap i kommunen. Vi prøvar å legge til rette for gode møteplassar for alle, men det kan vere vanskeleg å nå alle.

